

episentrum



en lettfattelig måte, skriver Vebjørn Selbekk. FOTO: ARIF ALI, AFP PHOTO/SCANPIX

Slik blir på en måte ringen sluttet. Det er 16 år mellom utgivelsen av Rushdies bok *Sataniske vers* og Roses trykking av Muhammed-tegningene. Islamistenes ønske om å begrense Vestens trykkefrihet har tydeligvis ikke blitt mindre på det drøyt halvannet tiåret som gikk mellom disse to herrenes verdenskjente ytringer.

Og den lysten vil sannsynligvis ikke svekkes i fremtiden heller. Det er nettopp derfor bøker som Taushetens tyranni er så viktige.

For å forstå. For å analysere. Og for å kunne handle.

Vebjørn Selbekk



LIKHET: Flemming Rose diskuterer også likhetene mellom islam og kommunisme i sin bok, og minner om at den britiske filosofen Bertrand Russel påpekte dette slektskapet så tidlig som i 1921.

FOTO: JENS NØRGAARD LARSEN, AFP PHOTO/SCANPIX

Konstruktivt om konflikter

anmeldt / **BOK**

Sverre Stoltenberg:
«Når fellesskapet belastes»
Om medarbeiderkonflikter i menighet & forsamling
Luther Forlag 2011, hf., 195 sider

Boka handlar om det som titlen seier; konflikter som oppstår innan kyrkjelydar, forsamlingar og i medarbeidarfellesskap – mest om det siste. Og vidare kva som lett/ofte utløser slike konflikter, og korleis ein kan ta fatt i dei for å løysa dei opp, eller i alle fall å koma vidare. Boka rommar mange døme der ein kjem ganske tett inn på ulike mennesketypar og personlegdomar og veremåtar, som gjev god forståing for at det endar med konflikt. Ordinert prest, Sverre Stoltenberg, har mange års røynsler og store kunnskapar som rettleiar og rådgjevar, både generelt innan kyrkjeliv og i samband med konflikter. Både døma og teksten elles, har elles ein mykje tydelegare fokus på medarbeidarfellesskap innan kyrkjelydar innan den norske kyrkja, enn til dømes frie kyrkjelydar og forsamlingar. Ofte, men slett ikkje

alltid, er det uklare roller og oppgavefordeling mellom dagleg leiar og sokneprest i ein kyrkjelyd, som løyser ut konflikten. Ofte kling i alle fall slike aspekt med! Ein kunne elles ønska at det var fleire døme og referansar både til frie kyrkjelydar/foramlingar, bedehusmiljø, mindre grupper for den del. For det er neppe nokon grunn til å tru at det står annleis til der enn i andre miljø. Men kanskje det kjem i neste bok?

Men desse varsame antydningane skal ikkje skrema nokon frå å lesa boka, same kva miljø ein høyrer til. For attkjeningsverdien er uansett høg. Særleg dei kapitla der han skildrar både menneskestypar (konfliktskapande personar) og veremåtar er av ein heilt allmenn art.

Ekstra spennande er det også når han skriv om dei særlege utfordringane ein har når det gjeld å unngå å hamna i konflikt, og det å ta fatt i konflikter, som byggjer seg opp i kristne miljø. Der er mange likskapspunkt med konflikter kvar som helst, men også nokre faktorar som gjer dei annleis.

Eg opplever boka som både nyttig, verdfull og tankevekkjande!

Paul Odland



Borten Moe åtvarar mot kveling av ordskiftet

Sp-nestleiar Ola Borten Moe (bildet) åtvarar mot å kvele debatten etter 22. juli-angrepa og seier han ikkje synest islamdebatten i Noreg så langt har vore spesielt hatefull.



Olje- og energiministeren åtvarar mot å prøve å teie i hel ytringar vi ikkje likar, etter terrorangrepa 22. juli, skriv Klassekampen.

– Vi kan ikkje slutte å ha kvasse ordskifte etter 22. juli, heller ikkje om islam, seier Borten Moe til avisa.

Han fortel han er stolt over måten heile Noreg har stått samla på i veka etter terrorangrepa i Oslo og på Utøya, men åtvarar mot å la tragedien kvele den offentlege debatten.

– Dersom vi no lagar ein kompakt konformitet med strenge, spesifikke reglar for kva som er lov og ikkje lov, så hamnar vi fort i ein situasjon der visse oppfatningar blir stigmatisert. Men det betyr ikkje at dei sluttar å eksistere, seier han.

Moe har sjølv vore aktør i debatten om det fleirkulturelle Noreg, mellom anna då han i

Klassekampen for eit drygt år sidan samanlikna radikal islam med nazisme. Moe seier han framleis kan stå ved det han har sagt.

– Alle har no godt av å ta ein pust i bakken og tenkje gjennom det dei har sagt, men eg meiner sjølv at eg har vore forsiktig med å generalisere overfor grupper eller klistre spesifikke samfunnsproblem til spesifikke grupper, seier han.

Heller ikkje på generelt grunnlag meiner Moe at islamdebatten i Noreg har vore spesielt hatefull.

– Med unntak av enkelte overtramp har vi ikkje hatt eit klima i islamdebatten som har vore uvanleg hardt eller uanstendig. Vi må kunne diskutere islam på same vis som vi diskuterer andre ting, og kan ikkje halde kjeft i frykt for å trampe folk på tærne. NPK-NTB